

[Namn]
[Adresse]
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Separering av avløpsleidning [gnr], [bnr]

Varsel om at kommunen vurderer å vedta pålegg og gje tvangsmulkt

Kommunen arbeider med å separere det kommunale avløpsnettet, og i samband med dette arbeidet vil det vere føremålstenleg at alle innbyggjarane i området [X] legg om til separatsystem.

Vi varslar hermed om at dersom avløpsleidningen ikkje er separert innan [xx.xx.xxxx, – Klifs rettleiing seier 1-2 veker fram i tid, men det er som regel best å gje ein god frist, til dømes seks månader. Når det hastar, kan ein sjå bort frå førehandsvarsel (fvl § 16). Parten må då i staden få høve til å uttale seg etter at pålegget er gjeve, og kommunen vil vurdere saka på nytt etter at parten har uttala seg], vil kommunen som forureiningsstyresmakt vurdere å påleggje deg å separere han. Kommunen vil samstundes vurdere å fastsetje tvangsmulkt. [Sjå Klifs rettleiing TA-2758/2011

http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2011/Februar/Bruk_av_tvangsmulkt/

X kommune er i ferd med å leggje om avløpsleidningane frå ein sams leidning for overvatn og spillvatn (kloakk) til to skilde leidningar (separering). Vi har tidlegare sendt deg informasjon om plikta til å separere avløpsleidningen din.

I samband med arbeid med å separere det kommunale avløpsnettet vurderer [X] kommune å påleggje alle innbyggjarane i området [x] å leggje om til separatsystem. Vi meiner at stikkleidningen din for avløp [og/eller den private fellesleidningen eigedommen er knytt til] skal omfattast av eit slikt pålegg.

Vi er ikkje kjende med at det er forhold ved eigedommen din som gjer at vi kan godkjenne ei anna løysing for bygningen[ane] enn å separere avløpsleidningen.

Kommunen meiner at avløpsleidningen frå eigedommen din skal vere separert, jf. forureiningslova § 22 andre leddet. Dersom avløpsleidningen ikkje er separert innan [til dømes seks månader fram i tid], vil kommunen påleggje slik separering. Kommunen vil samstundes vurdere å fastsetje tvangsmulkt for å få gjennomført pålegget, jf. forureiningslova § 73.

Tvangsmulkta blir fastsett som eit eingongsbeløp, ei dagmulkt eller ein kombinasjon av dei. Eingongsbeløpet vil normalt vere om lag kr. [xx xxx,- til dømes 1/3 av kostnadene for å kople ut slamskiljaren], medan dagmulkta normalt vil vere på kr. [xxx,-].

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det er andre forhold som gjer at du ikkje pliktar å separere avløpsleidningen din, ber vi om at du kontaktar oss så snart som mogleg og seinast **innan [xx.xx.xxxx]** –helst ein dato, eller til dømes 14 dagar fram i tid].

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [postmottak@\[x\].kommune.no](mailto:postmottak@[x].kommune.no).

Med helsing

.....
(Namn)
Leiar

.....
(Namn)
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Informasjonsbrosjyre
- Kartskisse
- Forurensningsloven § 22 andre leddet
- Forvaltningsloven § 16
- Abonnementsvilkår for [X] kommune